

Innst. S. nr. 3.

(1998-99)

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om visse endringar i tilskotsordninga for skolar som får statstilskot etter lov om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring.

St.meld. nr. 45 (1997-98).

Til Stortinget.

SAMANDRAG

Departementet gjer framlegg om endringar i utrekninga av tilskot til private grunnskular, jf. NOU 1997:16 og Budsjett-innst. S. nr. 12 (1997-98). Prinsippet om at tilskota til private skular som har parallelar i offentleg skule, skal reknast ut på grunnlag av kostnadene i offentleg skule står ved lag. Etter framlegget skal tilskota til private grunnskular bli fastsette på grunnlag av ein statistisk samanheng mellom kostnader og elevtall i offentlege skular, og ikkje som i dag etter ein trappetrinnsmodell.

Departementet sitt framlegg fører til ei omfordeling frå skular med lågt elevtall til skular med høgare elevtall. Det vil likevel vere slik at små skular får høgare tilskot pr. elev enn store skular. Norske grunnskular i utlandet vil ikkje lenger få tilskot etter ein timesats, men etter same utrekningsmåten som gjeld for dei private grunnskulane i Noreg.

Etter framlegget får private vidaregåande skular tilskot etter fastsett sats i samsvar med den studieretninga skulen er godkjend for. For toppidretts gymnasa legg departementet opp til ei eiga tilskotsordning for den særskilte toppidrettsdelen av tilbodet. Samla tilskot til toppidretts gymnasa vert difor på same nivå som før omlegginga. Det blir fastsett maksimalt samla elevtal som kan løyse ut det særskilte toppidrettstilskotet. Det nye tilskotsystemet gir lågare minimumstilskot til bibelskulane.

Privatskulelova har i dag ikkje reglar som regulerer bruken av skulepengane. Departementet går inn for at det skal bli eit lovfest krav at inntekter frå eigenbetaling skal kome elevane til gode. Etter framlegget blir det høve til å setje av ein sum til eit investeringsfond som svarar til skulepengane, og til å føre over inntil 10 pst. av statstilskotet frå eit rekneskapsår til eit anna.

Departementet tek sikte på å setje i verk endringane i tilskotsystemet og omfordelinga mellom skulane frå 1999. Samla auka løyvingsbehov på årsbasis blir 26,2 mill. kroner samanlikna med den ordninga som gjeld no. I tillegg kjem overgangsutgifter på 4,6 mill. kroner i 1999.

KOMITEEN SINE MERKNADER

Komiteen meiner at grunnlaget for vurderinga av dei foreslåtte endringane i tilskotsystemet for private skular må vere privatskulelova sin § 1. Der heiter det at formålet med privatskulelova er å «medverka til å sikra at det kan skipast og drivast private skular». Retten til å etablere og drive private skular er ein generell føresetnad både i FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettår (artikkel 13 punktene 3 og 4) og i FN sin barnekonvensjon (artikkel 29, § 2).

Komiteen sitt fleirtal, medlemene frå Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Venstre, viser til at staten er ikkje forplikta av internasjonale konvensjonar til å gi tilskot til private skular, men fleirtalet understrekar at det framleis er slik at tilskot frå det offentlege er ein føresetnad for at det skal være mogeleg å etablere og drive privatskular i Noreg, dersom det å kunne velje eit privat skuletilbod for borna sine ikkje skal vere eit privilegium for dei mest pengesterke foreldra. Fleirtalet legg vekt på at ordninga med offentlege tilskot er avgjerande for at foreldra sin rett til å velje utdanning for borna sine skal vere reell.

I tillegg til det overordna omsynet til foreldra sin rett til å kunne velje, legg fleirtalet også vekt på at pri-

vatskulane representerer eit positivt og verdfullt supplement - også ei utfordring - til den offentlege skulen.

Fleirtalet viser til at det gjennom mange år har vore uvisse knytt til støttesystemet for private skular ikkje minst gjennom hyppige forslag om endringar i støttesatsar og utrekningsgrunnlag. Samtidig er det frå privatskulane blitt hevda at støtta til private skular ikkje har stått i eit rimeleg forhold til offentlege skular av same type. Det var mellom anna desse tilhøva som låg til grunn for at Regjeringa i april 1996 oppnemnde eit utval (Høybråten-utvalet) til å vurdere tilskotsordninga for private skular. Utvalet la fram innstillinga si i april 1997 (NOU 1997:16). Medan regjeringa Jagland i sitt budsjettframlegg hausten 1997 varsla at ein ville kome tilbake til oppfølginga av framlegga frå Høybråten-utvalet, foreslo den nye Regjeringa i sitt budsjettframlegg (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3) at utvalet sine framlegg skulle gjennomførast allereie frå skuleåret 1998-99. Stortinget realitetshandsama ikkje desse framlegga, men bad i staden Regjeringa leggje fram ei stortingsmelding om tilskotssystemet for private skular.

Fleirtalet deler Regjeringa sine vurderingar når det gjeld dei overordna omsyna som det må leggjast vekt på i utforminga av støttesystemet. Det er viktig at reglane er presise, enkle og oversiktlege, og at systemet gjer det mogeleg å planleggje på lang sikt. Det er også viktig at dei offentlege tilskota gir grunnlag for ein likeverdig standard i private og offentlege skular, at fordelinga mellom skulane er rettferdig og at like skular vert handsama likt. Fleirtalet meiner at Regjeringa sitt forslag på desse områda er langt betre enn det systemet vi har i dag, og at det foreslåtte støttesystemet i vesentleg grad tek vare på dei overordna omsyna. Fleirtalet konstaterer at mindretalet i denne innstillinga føler grunn til å understreke det viktige i å ha eit offentleg skulesystem. Fleirtalet vil også understreke at eksistensen av private skular ikkje representerer nokon trussel mot det offentlege skuleverket, som er og som framleis vil vere, av dei mest grunnleggjande oppgåvene for det offentlege. Etter fleirtalet si meining må det framleis satsast på å styrke det offentlege skuleverket både kvantitativt og kvalitativt, men fleirtalet ser ingen motsetnad mellom ei slik satsing og det å gi private skular gode og sikre arbeidsvilkår. Retten til å gi og ta imot undervisning utanom det offentlege skuleverket er ein grunnleggjande rett i eit demokratisk samfunn. Fleirtalet viser elles til kommentarane under dei ulike tilskotsreglane.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener at et offentlig skolesystem er grunnleggende for å sikre enhetsskolen og gi alle barn og ungdom same rettigheter og muligheter til utdanning.

Disse medlemmer tar til etterretning at retten til å etablere privatskoler er slått fast i flere internasjonale konvensjoner. Norge er forpliktet av disse konvensjonene. Disse medlemmer vil minne om at en må

skille mellom retten til å etablere skoler og statlig medvirkning i finansieringen av denne type utdanningstilbud. Eventuell støtte og omfanget av offentlig finansiering må avgjøres ut fra en utdanningspolitisk vurdering. Det samlede statstilskudd til ulike privatskoler utgjorde 903 mill. kroner i 1998.

Disse medlemmer legger til grunn at privatskoler som dekker et utdanningsbehov som samfunnet har definert som viktig og som de offentlige utdanningsinstitusjoner ikke dekker eller dekker på en dårlig måte, skal prioriteres ved tilskudd. Skoler som representerer et pedagogisk alternativ, er eksempler på utdanningstilbud som disse medlemmer mener kan dekke et behov som det er vanskelig i offentlig skole å utvikle på en tilfredsstillende måte. Erfaringer har også vist at slike skoler kan ha stor betydning for det faglige og pedagogiske utviklingsarbeid i den offentlige skole. Disse medlemmer mener derfor at privatskoler som skal ha offentlig støtte, primært må definere sin rolle som et pedagogisk supplement som prioriterer pedagogisk utviklingsarbeid blant annet med det mål at de erfaringer som vinnes, også kan komme det offentlige utdanningstilbudet til gode.

Disse medlemmer er bekymret for den sterke veksten i antallet private skoler som har vært de siste årene. Dersom man skal bevare enhetsskolen og sikre like rettigheter og muligheter, er det uheldig hvis det vokser fram to adskilte skolesystemer. I dag er tildelingen basert på et regelstyrt system som gir rettigheter om støtte til alle skoler som fyller kriteriene. Disse medlemmer mener dette er uheldig, private skoler kan ikke vokse fram ukontrollert uavhengig av den samlede ressurstilgang til utdanningssektoren. Disse medlemmer vil derfor legge fram forslag om at en går over til et budsjettstyrt system slik at nye skoler bare kan godkjennes dersom det finnes dekning innenfor bevilgningen:

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om endring av privatskoleloven slik at det innføres et budsjettstyrt system.»

Skolen skal bidra til å sette elevene i stand til å takle samfunnet på alle områder. Disse medlemmer ser med bekymring på at departementet godkjenner stadig flere skoler som er dannet på bakgrunn av et alternativt religiøst grunnlag. Skolen skal være en møteplass for forskjellige religioner og kulturer, og slik være med å skape toleranse og forståelse. Dette vil ikke være mulig hvis de forskjellige gruppene skal gå på egne skoler adskilt fra andre. Disse medlemmer viser til at det er departementet som avgjør hvorvidt den enkelte skole fyller kravene for å få tilskudd, og vil be departementet skjerpe inn kontrollen overfor slike skoler for å sikre seg mot uheldige utslag.

Disse medlemmer kan ikke se at det er en offentlig oppgave å finansiere skoler som primært er etablert for å gi opplæring til barn og unge tilhørende ulike religioner eller religiøse grupperinger så lenge

utdanningstilbudet faglig og pedagogisk ellers er det samme som offentlige skoler tilbyr. Disse medlemmer mener derfor at det er behov for en presisering/endring av loven om tilskott til private grunnskoler og private videregående skoler.

For det første må det gå klarere fram av loven at godkjenning ikke automatisk gir rett til statstilskudd. Lovteksten må dessuten strammes inn slik at det fremgår hva slags utdanningstilbud som skal prioriteres ved tilskudd. Disse medlemmer mener at det i utgangspunktet kun er skoler som kan dokumentere at de representerer et alternativ, faglig og pedagogisk, og der det er lagt dårlig til rette for dette tilbudet i den offentlige skolen som automatisk skal kunne regne med tilskudd. En slik presisering vil bety en vesentlig reduksjon i offentlig tilskott til private skoler.

Et stort antall skoler som gis tilskott tilbyr utdanning i grenselandet mellom videregående skole og høyskole/universitet. Disse er opprettet i medhold av § 2 e i loven om tilskudd og omfatter skoler som gir videregående yrkesrettet opplæring som ikke blir gitt i videregående skoler. De fleste skoler som er godkjent forutsetter at søkerne har fullført tre år i videregående skole. Det samlede tilskott til disse skolene utgjorde ca. 96 mill. kroner skoleåret 1996-97. De fleste av disse skolene er etablert av ulike religiøse grupperinger som bibelskoler. Det er grunn til å anta at disse skolene er etablert for å rekruttere egne medarbeidere. Disse medlemmer kan ikke se at det er en offentlig oppgave å finansiere spesielle utdanningstilbud som har karakter av internopplæring og som i liten grad har betydning for den samlede kompetanseheving i samfunnet.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti mener derfor at tilskottsregel 6 bør avvikles, jf. forslag nedenfor, og foreslår en nedbygging over to år fra 1. august 1998. For skoleåret 1998-1999 skal godkjente skoler få tilskudd etter gjeldende satser. For skoleåret 1999-2000 halveres gjeldende satser. Øvrige skoler under denne tilskottsregel bør vurderes lagt inn under lov om tilskott til private høyskoler. Ved å legge inn en overgangsordning bør skolene ha nødvendig tid til å tilpasse sin virksomhet og søke om godkjenning etter denne loven. Gjeldende tilskott opprettholdes på dagens nivå i avviklingsperioden, men slik at minstetilskuddet settes til 20 elever.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti ber Regjeringen legge fram en egen sak der en gjennomgår dagens lov med utgangspunkt i merknadene ovenfor, der hensikten er å begrense opprettelsen av private skoler som ikke representerer et alternativ til de offentlige skolene.

Et stort antall privatskoler gjør det vanskelig for utdanningsmyndighetene lokalt og regionalt å planlegge utdanningstilbudet i sitt område. Ledige skoleplasser i et fylke kan delvis skyldes at elever velger

privatskoler uten at utdanningsmyndighetene regionalt kan dimensjonere sitt tilbud ut fra dette. Siden marginalkostnadene ikke er lik gjennomsnittskostnadene med en skoleplass, vil dette også kunne påføre fylkeskommunene økte kostnader. Disse medlemmer mener derfor at det ikke er korrekt når det fra ulike organisasjoner blir hevdet at det offentlige sparer kostnader når det etableres privatskoler.

Disse medlemmer mener at det innenfor hver tilskuddsregel skal være to alternative satser. Tilskuddssatsen skal være avhengig av grunnlaget skolen er etablert på. Skoler som er etablert som faglige og pedagogiske alternativer og som dekker et prioritert område, skal få tilskudd med 85 pst. som er i samsvar med forslaget i meldingen. Andre skoler som godkjennes etter loven, skal ha tilskudd med 50 pst.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om endring i privatskoleloven slik at skoler som er etablert som faglige og pedagogiske alternativer og som dekker et prioritert område, får en tilskuddssats på 85 pst., mens øvrige støtteberettigede skoler får en sats på 50 pst.»

Komiteen sine medlemmer frå Framstegspartiet og Høgre meiner at den delen av fellesutgiftene som skal vere med i berekningsgrunnlaget, må aukast frå 50 pst. til 75 pst.

Desse medlemmene meiner at skular som får ein reduksjon i tilskottet på 5 pst. eller meir, skal få reduksjonen innarbeidd over tre år.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil bemerke at den sterke bindingen til gjennomsnittskostnaden i offentlig skole kan i fremtiden medvirke til at muligheten for å opprette nye private skoler forsvinner helt, dersom elevgrunnlaget ikke sammenfaller med det optimale beregningsgrunnlaget i den offentlige skole. Disse medlemmer ser dette som en klar svekkelse av foreldrenes mulighet til å velge på vegne av egne barn, og ikke minst vil nødvendig risikokapital for private skolebygg etc. kunne tørke inn helt. Disse medlemmer vil også henlede oppmerksomheten på at det fortsatt ikke er drøftet hvilket tilskudd som skal innrømmes til private hjemmeundervisere etter § 2-13 i opplæringsloven. Disse medlemmer vil fremme eget forslag om dette:

«Ved hjemmeundervisning etter § 2-13 i opplæringsloven gis det et tilskudd pr. elev tilsvarende satsen pr. elev i skoler med 20 elever.»

Disse medlemmer viser til at tilskuddsreglene etter privatskoleloven kan sees på som ren stykkprisfinansiering, idet tilskuddet blir utbetalt pr. elev i henhold til en godkjent læreplan. Dette er stort sett Fremskrittspartiets modell for stykkprisfinansiering. Nytt i denne anledning er imidlertid den sterke bindingen til

den offentlige skoles kostnadsnivå. Dette stiller disse medlemmer seg mer tvilende til, idet kostnadsnivået i den offentlige skole ofte er vanskelig å forholde seg til. Disse medlemmer viser til at regnskapsføringen ikke alltid er identisk fra kommune til kommune, og at dette vil være med på å påvirke resultatet.

Tilskotsregel 1 og 2 (skular for funksjonshemma)

Komiteen sluttar seg til Regjeringa sitt forslag.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil i tillegg vise en bekymring over overføringen av skoler fra tilskudsregel 1 og 2 over til finansiering tilsvarende den som kompetansesentrene har. Disse medlemmer ser det som nødvendig å opprettholde et sterkt og særdeles troverdig tilbud om skoleing til funksjonshemmede. Disse medlemmer ber derfor om at de nevnte skoler blir nøye vurdert og eventuelt tilbakeført til regel 1 og 2. Disse medlemmer vil samtidig benytte anledningen til å presisere nødvendigheten av at tilskuddssatsen tar opp i seg de økende lønnsutgifter i offentlige skoler. Disse medlemmer viser for øvrig til sine merknader i Innst. S. nr. 228 (1997-98) om opplæring for barn, unge og voksne med særskilde behov.

Tilskotsregel 3 (skular som til vanleg har parallel- lar i tilsvarende statlege skular)

Komiteen sitt fleirtal, medlemene frå Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Venstre, sluttar seg til Regjeringa sitt forslag om å oppretthalde denne tilskotsregelen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti merker seg at meldingen foreslår at disse skolene fortsatt skal få tilskudd etter godkjent budsjett. Skoleåret 1996-97 utgjorde tilskuddet ca. kr 105 000 pr. elev. Disse medlemmer erkjenner at skolene under denne tilskudsregel har svært ulike kostnader. Sammenlignet med andre skoler som gir videregående opplæring får skolene et høyt tilskudd pr. elev. Tilskudsregelen ble opprettet for å dekke private skoler som har parallelle i statlige videregående skoler. Som kjent finnes det ikke lenger statlige skoler med tilsvarende tilbud som de private som er godkjent etter denne tilskudsregel.

For å sikre mest mulig likebehandling mener derfor disse medlemmer at tilskudsregel 3 bør avvikles og skolene gis tilskudd etter regel 4. Tilskuddet må gis etter høyeste sats for yrkesfag og gjennomføres fra skoleåret 1999-2000 (jf. forslag om to satser for hver tilskudsregel).

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om å avvikle tilskudsregel 3 i privatskoleloven.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at departementet ønsker regelen opprettholdt, men at departementet samtidig er enig med utvalget i at det ikke skal startes nye skoler. Etter disse medlemmers syn må tilskudsregelen opprettholdes, spesielt i en tid hvor utdanningspolitikken og nyskapninger fortsatt kommer til å stå i fokus. Det å opprettholde en regel, men ikke ønske å bruke den vil i beste fall virke selvmotsigende. Det synes derfor etter disse medlemmers oppfatning å være en bedre løsning å sette til dels strenge kriterier for opprettelse av nye skoler under denne tilskudsregelen enn å blokkere for evt. nødvendige og fleksible løsninger.

Tilskotsregel 4 (vidaregåande skular som har parallellar i offentlege skular)

Komiteen er samd i at tilskota skal utrekna på grunnlag av utgiftene i offentlege skular.

Komiteens flertall, medlemene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre, støtter forslaget fra Regjeringa om å gi toppidrettsgymsnas tilskudd etter den høyere satsen for idrettsfag og med en egen ordning for toppidrettsdelen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til sine generelle merknader.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet mener toppidrettsgymsnasene fyller en viktig rolle gjennom å gi opplæring til ungdom som ønsker å satse intensivt på idrett. Det tette samarbeidet som er mellom idrettsbevegelsen og disse skolene er et kvalitetsstempel og bør videreutvikles.

Disse medlemmer ser at denne måten å organisere opplæring på kan være mer kostnadskreven enn alminnelig videregående utdanning. Imidlertid er det en del betenkeligheter ved å gi private institusjoner ordninger som overgår finansieringen i den ordinære offentlige skolen.

Disse medlemmer vil be departementet vurdere å komme tilbake til Stortinget med en sak om hvordan man skal organisere toppidrettsgymsnasene i framtida. I en slik vurdering må det tas hensyn til at det meget gode samarbeidet som er mellom idrettsbevegelsen og skolene ikke må bli svekket, samtidig som det må vurderes om denne type opplæring skal knyttes opp til det ordinære skoleverket, eller om det offentlige skal delta på annen måte. Det må også tas hensyn til allerede eksisterende offentlige tilbud, særlig gjennom landslinjesystemet. Det vil etter disse medlemmers mening være uheldig dersom man svekker grunnlaget for disse tilbudene.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre ser

verdien av det arbeid toppidrettsgymsnasene utfører og ser positivt på det samarbeid som er mellom idrettsbevegelsen og disse skolene. Det er derfor naturlig at toppidrettsgymsnasene sikres det økonomiske grunnlaget for sin drift.

Disse medlemmer vil peke på at også flere fylkeskommunale videregående skoler gir tilbud om idrettsfaglig utdanning tilrettelagt for framtidige toppidrettsutøvere. Disse medlemmer vil i denne sammenheng spesielt peke på at landslinjene i idrettsfag har en slik funksjon flere steder. Disse utdannings-tilbudene har også et nært samarbeid med idrettsbevegelsen. Disse medlemmer mener det i forbindelse med evalueringen av Reform 94 bør drøftes om enkelte fylkeskommunale videregående skoler med landslinjefunksjon i idrettsfag bør tilrettelegges bedre for toppidrettsutøvere. I en slik drøfting bør en kartlegge behovet for en ytterligere tilrettelegging og hvorvidt idrettsbevegelsen kan bidra med finansiering av en slik tilrettelegging.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet ser at Regjeringen i sitt forslag om tilskudd til toppidrettsgymsnasene viser en konstruktiv vilje til å fjerne den store usikkerheten som stadig er og har vært for skolenes grunnlag og økonomiske situasjon.

Etter disse medlemmers syn bør flertallet erkjenne at det her er snakk om skoler som ikke har paralleller i den offentlige skole. En slik erkjennelse vil kunne danne grunnlag for en tilskuddssats som ivaretar den norske idrettssatsingen, ønske om å være blant de førende i verden. Viser til et slagord som ble lansert for en tid tilbake om at: «Det er typisk norsk å være god.» Å oppfylle dette slagordet vil etter disse medlemmers syn koste til dels store ressurser både fra det offentlige og ikke minst fra det enkelte individ. Disse medlemmer vil peke på at «typiske enere» ikke skinner som stjerner før teknikk og ferdighet er polert og smeltet sammen til en enhet. Det kan etter disse medlemmers syn virke meget urettferdig at den økonomiske risikoen kun skal bæres av den enkelte og dennes familie. Det skal også legges til at en idrettskarriere sjelden varer til normal pensjonsalder. Det er derfor viktig at unge utøvere får en såvidt god skoloring som overhodet mulig for å møte et liv etter idretten med reell mulighet til en senere karriereutvikling og mulighet for å tjene til livets opphold.

Disse medlemmer vil derfor foreslå at skolen får tilskudd etter regel 6 basert på budsjett og regnskap. Tilskuddet skal stå i samme forhold til foreldrebetaling som ved andre private skoler. Tilskuddsgrunnlaget revurderes dersom den kulturpolitiske situasjonen endres vesentlig eller dersom idrett ikke lenger hører inn under begrepet kultur.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Toppidrettsgymsnasene får tilskudd etter tilskudsregel nr. 6 Videregående skular utan parallellar i offentlege skular.»

Komiteen sine medlemmer frå Høgre konstaterer at Regjeringa sitt forslag når det gjeld tilskotet til toppidrettsgymsnasa, er eit viktig steg i retning av å fjerne den uvissa som altfor lenge har eksistert om det økonomiske grunnlaget for desse skulane.

Desse medlemmene meiner likevel at den foreslåtte ordninga opnar for at det framleis vil vere uvissa om det økonomiske grunnlaget for toppidrettsgymsnasa. Desse medlemmene ser liten grunn til å gå omvegen om to ulike støtteelement, og går i staden inn for at det vert innført ein eigen tilskotssats for toppidrett. Denne tilskotssatsen skal tilsvare satsen for yrkesfag.

Desse medlemmene må imidlertid registrere at det ikkje er muleg å få fleirtal for eit slikt forslag. Desse medlemmene vil difor støtte Regjeringa sitt forslag om at toppidrettsgymsnasa skal få ordinært driftstilskot etter tilskotssatsen for idrettsfag og at skulane i tillegg får eit eige toppidrettstilskot. For å oppnå det Regjeringa sjølv seier i meldinga - at «Samla tilskot til toppidrettsgymsnasa vil etter dette vera på same nivå som før omlegginga» - er det likevel naudsynt å sikre at toppidrettstilskotet vert jamnleg justert og at det samla tilskotet til toppidrettsgymsnasa følgjer tilskotssatsen for yrkesfag. Berre på denne måten kan ein fjerne den økonomiske uvissa som desse skulane har slite med gjennom mange år. Regjeringa har sjølv i brev av 22. september 1998 opplyst at det vil koste ca. 4,5 mill. kroner å gi toppidrettsgymsnasa støtte etter den nye satsen for yrkesfag. Sidan skulane hittil har fått støtte etter yrkesfagsatsen, betyr det at Regjeringa sitt forslag medfører ei reell økonomisk svekking for skulane. Denne svekkinga vil desse medlemmene unngå både no og seinare, og fremjer følgjande forslag:

«Toppidrettstilskotet skal justerast slik at det samla tilskotet til toppidrettsgymsnasa tilsvare og følgjer satsen for yrkesfag.»

Desse medlemmene ser ingen grunn til at det skal fastsettast eit maksimalt samla elevtal med toppidrettstilskot, og meiner at elevtalet må kunne vurderast ut frå søking og behov.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti er enig med hovedprinsippet i meldingen om at tilskottet skal beregnes ut fra kostnadene med tilsvarende tilbud i offentlig skole. Skoler som godkjennes etter læreplanene for en bestemt studieretning i videregående skole, skal gis tilskott etter satsen for denne studieretningen. Dette medlem kan ikke se at skoler som velger et spesielt kostbart opplegg faglig og pedagogisk skal få dekket merkostnadene. Dersom en velger en slik variant, må tilsvarende ordning etableres for offentlige skoler slik at fylkeskommuner som velger et faglig og pedagogisk opplegg med høyere kostnad, kan få ekstra øremerket statstilskott. Dette får som konsekvens at toppidrettsgymsna-

sene som er godkjent etter fagplanen for allmenne og økonomiske fag, får tilskott etter denne satsen.

Tilskotsregel 5 (skular knytte til bedrifter)

Komiteen sitt fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Venstre, sluttar seg til Regjeringens sitt forslag.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet ser regel 5 som en mulighet til et privat- og bransjeinitiert lærlingeløp. Etter disse medlemmers syn ville det være særdeles uheldig om denne muligheten fjernes før evalueringen av Reform 94. Det er etter disse medlemmers syn nødvendig å finne kvalitative former i tillegg til det offentlige løp, spesielt når en ser hvor mange elever som ikke får den nødvendige bedriftsinterne opplæring og den strykprosent som fremkommer ved skoleintern opplæring.

Komiteen sine medlemmer frå Høgre er samde i at det kan verke urimeleg å halde på ein tilskotsregel, når det berre er ein skule som får støtte etter denne regelen. Desse medlemmene meiner likevel det er grunn til å leggje stor vekt på dei synspunkta som både NHO og HSH har lagt fram, når det gjeld tilhøvet både til evalueringa av Reform 94 og den planlagde etter- og vidareutdanningsreformen. Desse medlemmene vil derfor oppretthalde tilskotsregel 5 inntil vidare, og i alle fall inntil det er klarlagt om tilskotsregel 6 kan ivareta dei same oppgåvene på ein tilfredsstillande måte. Det er naturleg å vurdere dette sammen med den klargjeringsprosessen som Regjeringa varsler i samband med omtalen av tilskotsregelen 6. Desse medlemmene meiner at det i denne samanheng må leggjast spesiell vekt på behovet for å få ei opning for meir smidige yrkesopplæringsopplegg, t.d. i regi av ein bransje eller gjennom etablering av private yrkesskuletilbod. I dag blir initiativ for å få etablert slike tilbod gjerne avviste ved at ein viser til hovudopplegget i Reform 94, utan nærare vurdering av behov eller kvalitet.

Tilskotsregel 6 (vidaregåande skular utan parallellar i offentlege skular)

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Framskrittspartiet, finner ikke at opplæring som har karakter av intern skole er en offentlig oppgave å godkjenne.

Flertallet vil derfor be Regjeringen foreta en justering slik at denne delen av opplæringen flyttes. Dette vil bety at opplæring innenfor de menighetsrelaterte arbeidsfelt innen de forskjellige religiøse trossamfunn ikke kan sies å falle inn under dette lovverket. Denne type opplæring skal være et ansvar for de enkelte trossamfunn, menigheter og organisasjoner.

Flertallet fremmer følgende utkast til vedtak:

«Stortinget ber Regjeringen fremme nødvendige lovforslag slik at opplæring innenfor de menighetsrelaterte arbeidsfelt innen de religiøse trossamfunn legges inn under de enkelte trossamfunn, menigheter og organisasjoner.»

Flertallet er av den oppfatning at de økonomiske ressursene blir overført disse. Flertallet ber Regjeringen så snart som mulig fremme forslag om fordelingen av midlene. I sum vil dette gi trossamfunnene, menighetene og organisasjonene en klart større valgfrihet og selvstendighet i forhold til hva som er deres ønsker og behov.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Venstre slutter seg til Regjeringens forslag.

Disse medlemmer vil spesielt peke på bibelskolenes betydning som en del av bredden i allmenndanningen i vårt skolesystem. Disse medlemmer mener at utdanningen ved bibelskolene er anvendelig og gir god realkompetanse til flere viktige områder i vårt samfunn, f.eks. barne- og ungdomsarbeid, musikkliv, media og skoleverk. Disse medlemmer vil videre fremheve disse skolenes mangeårige bidrag til mangfoldet i norsk skole. Disse medlemmer mener at lover og tilskuddsordninger har gjort skolene tilgjengelig for studenter uavhengig av økonomisk bakgrunn. Flertallets forslag vil kunne føre til en skjev, sosial rekruttering.

Lover og tilskuddsordninger har også gitt mulighet til kvalitetskontroll av disse skolene. Ved å fjerne tilskudd og godkjenning, mister myndighetene i tillegg muligheten til tilsyn og kontroll. Disse medlemmer vil videre fremheve den usikkerhet om studiefinansiering som komitéflertallet skaper. Flertallets forslag vil også føre til en svært ustabil og uforutsigbar situasjon for bibelskolene som fram til nå har mottatt statsstøtte. Dette setter videre drift av bibelskolene i fare.

Disse medlemmer mener at det ikke er behov for å endre tilskuddsregel 6, og vil avvende Regjeringens gjennomgang av regelverket.

Komiteen sine medlemmer frå Framstegspartiet og Høgre viser til merknader under tilskotsregel 5.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet viser også til forslag foran under tilskuddsregel 4.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til merknader ovenfor og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om å utvikle tilskuddsregel 6 i privatskoleloven.»

Tilskotsregel 7 (private grunnskular i Noreg)

Komiteen sitt fleirtal, medlemene frå Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Venstre, har merka seg at det i samanlikningsgrunnlaget mellom offentlege og private skular vert gjort frådrag for spesialundervisning og undervisning for framandspråklege. Fleirtalet er samdi at det vert gjort frådrag for desse utgiftene, som skulane får kompensert på annan måte enn gjennom tilskotsordninga.

Eit einstemmig utval (NOU 1997:16) gjekk inn for eit frådrag på 20 pst. Frå privatskulane si side vert det vist til at frådraget på 20 pst. er sett for høgt, m.a. sidan frådraget også gjeld utgifter til «løn andre», dvs. vaktmeister, administrativt personale osv. og at frådraget etter deira syn må reduserast med omlag 3 pst. Fleirtalet vil difor understreke intensjonane i meldinga om at fråtrekk for spesialundervisning skal reknast ut etter reelt, gjennomsnittleg forbruk i offentlege skular.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til sine generelle merknader.

Komiteen sine medlemmer frå Framstegspartiet og Høgre konstaterer at Regjeringa sitt forslag i hovudsak er blitt godt motteke i privatskulane og deira organisasjonar, og deler denne vurderinga av forslaget. På bakgrunn av synspunkt som har kome fram i høyringsrunden, meiner desse medlemene likevel at grensa for maksimalt tilskot pr. elev på ungdomstrinnet bør vere den same som for bameintrinnet, dvs. 20.

Desse medlemene fremjar følgjande forslag:

«Grensa for kor mange elevar som gjev maksimalt tilskot pr. elev på ungdomstrinnet (tilskotsregel nr. 7) vert sett til 20 elevar.»

Tilskotsregel 8 (grunnskular i utlandet), tilskotsregel 9 (vidaregåande skular i utlandet) og tilskotsregel 10 (kompletterande undervisning/tilskot til skulepengar)

Komiteen har ingen merknader.

Tilskotsregel 11 (innskot i Statens Pensjonskasse)

Komiteen er samdi at tilskotet til pensjonstilskot i framtida bør inngå i tilskotsgrunnlaget. Komiteen ser fram til forslag om endring av privatskulelova, men vil allereie no understreke at privatskulane framleis må få dekning som tilsvare dei faktiske utgiftene.

Bruken av statstilskotet og skulepengane

Komiteen sluttar seg til Regjeringa sine vurderingar når det gjeld elevbetaling.

Komiteen sitt fleirtal, medlemene frå Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti,

Høgre, Senterpartiet og Venstre, er også samdi med Regjeringa i at det ikkje bør innførast reglar som hindrar tilsette i private skular å godta dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn dei som gjeld i den offentlege skulen. Fleirtalet ser heller ingen grunn til at det skal utarbeidast reglar for å hindre at tilsette i private skular evt. kan få betre lønns- og arbeidsvilkår enn tilsette i offentleg skule. Fleirtalet konstaterer at dette tilhøvet ikkje representerer noko problem i dag. Samtidig synest faren for at private skular skal ha ein økonomi som gjer det mogeleg å «overby» den offentlege skulen å være så beskjeden, at det ikkje verkar rimeleg å innføre spesielle reglar for å motverke eit tenkt problem.

Fleirtalet er samdi med Regjeringa i at det nå bør opnast for at det vert mogeleg å etablere investeringsfond og mogeleg å overføre inntil 10 pst. av driftstilskotet frå eitt rekneskapsår til det andre. Begge tiltaka vil vere med på å styrke skulane si evne til å stå imot svingingar i utgiftene.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til sine generelle merknader foran.

Komiteen sine medlemmer frå Framstegspartiet og Høgre er gjort kjend med at privatskular kan bli påført heilt spesielle investeringsutgifter i samband med funksjonshemma elevar, t.d. til heis eller annan teknisk apparatur. Etter dagens støtte-system er det vanskeleg for skulane å få hjelp frå det offentlege til å dekkje slike utgifter, som t.d. kan dukke opp ved at ein elev etter ei trafikkulukke blir avhengig av rullestol. Desse medlemene meiner at det er ønskeleg at støtteordninga blir gjort meir fleksibel enn i dag, slik at det blir reelt mogeleg å søke om støtte i spesielt vanskelege situasjonar. Dette kan eventuelt gjerast ved å utvide § 26 første ledd andre punktum («Skular som kjem inn under tilskotsreglane 3-6, kan i særlege tilfelle etter søknad få statstilskot til andre utgifter enn dei som er nemnde under vedkomande tilskotsregel») til å omfatte også dei øvrige tilskotsreglane (evt. berre tilskotsregel nr. 7). Samtidig er det etter desse medlemene si mening nødvendig at det vert sett av midlar på budsjettet til ein slik pott, slik at denne paragrafen ikkje berre blir ein tom papirregel utan reelt innhald.

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber Regjeringa fremme forslag om endring av privatskuleloven slik at det innføres et budsjettstyrt system.

Forslag 2

Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om endring i privatskoleloven slik at skoler som er etablert som faglige og pedagogiske alternativer og som dekker et prioritert område, får en tilskuddssats på 85 pst., mens øvrige støtteberettigede skoler får en sats på 50 pst.

Forslag 3

Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om å avvikle tilskudsregel 3 i privatskoleloven.

Forslag frå Framstegspartiet og Høgre:*Forslag 4*

Grensa for kor mange elevar som gjev maksimalt tilskot pr. elev på ungdomstrinnet (tilskotsregel nr. 7) vert sett til 20 elevar.

Forslag frå Framstegspartiet:*Forslag 5*

Ved hjemmeundervisning etter § 2-13 i opplæringsloven gis det et tilskudd pr. elev tilsvarende satsen pr. elev i skoler med 20 elever.

Forslag 6

Toppidrettsgymnasene får tilskudd etter tilskudsregel nr. 6 Vidaregåande skular utan parallellar i offentlege skular.

Forslag frå Høgre:*Forslag 7*

Toppidrettstilskotet skal justerast slik at det samla tilskotet til toppidrettsgymnasa tilsvarende og følger satsen for yrkesfag.

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti:*Forslag 8*

Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om å avvikle tilskudsregel 6 i privatskoleloven.

KOMITEEN SI TILRÅDING

Komiteen viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

I.

Stortinget ber Regjeringen fremme nødvendige lovforslag slik at opplæring innenfor de menighetsrelaterte arbeidsfelt innen de religiøse trossamfunn legges inn under de enkelte trossamfunn, menigheter og organisasjoner.

II.

St.meld. nr. 45 (1997-98) Om visse endringer i tilskotsordninga for skolar som får statstilskot etter lov om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring - vert lagt ved møteboka.

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 8. oktober 1998.

Grete Knudsen,
leiar.

Petter Løvik,
ordførar.

Rune E. Kristiansen,
sekretær.